

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 93/2013**2017/EØS/62/30**

av 1. februar 2013

om fastsetjing av nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 om harmoniserte konsumprisindeksar, med omsyn til utarbeiding av prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

Artikkel 2

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽¹⁾, særleg artikkel 4 tredje leddet og artikkel 5 nr. 3,

med tilvising til fråsegna frå Den europeiske sentralbanken⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 2494/95 er det fastsett korleis harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI) skal utarbeidast.
- 2) Det bør vurderast om det er mogleg å utarbeide prisindeksar for bustader, og særleg for bukostnader for sjølveigarar, med sikte på å gjere HKPI-ane meir relevante og lettare å jamføre.
- 3) For å kunne utarbeide indeksar for bukostnader for sjølveigarar må det utarbeidast prisindeksar for bustader. Prisindeksar for bustader er òg viktige indikatorar i seg sjølve.
- 4) For å sikre at resultatane frå alle medlemsstatane er pålitelege og kan jamførast, krevst det rettleiing om metodar for utarbeiding av prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar og for bustader.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet (ESS-utvalet) —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Mål**

Ved denne forordninga vert det innført prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar med sikte på å gjere dei harmoniserte konsumprisindeksane («HKPI-ane») meir relevante og lettare å jamføre.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 33 av 2.2.2013, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 151/2013 av 15. juli 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 72 av 19.12.2013, s. 27.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

⁽²⁾ Fråsegn gjeven 19. oktober 2012 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

1. «prisindeks for bukostnader for sjølveigarar» ein indeks som måler endringar i transaksjonsprisar for bustader som er nye i hushaldssektoren, og andre varer og tenester som hushalda skaffar seg i eigenskap av å vere eigarar av eigen bustad,
2. «prisindeks for bustader» ein indeks som måler endringar i transaksjonsprisar for bustader som er kjøpte av hushald.

*Artikkel 3***Dekkingsområde**

1. Følgjande utgiftskategoriar skal omfattast av prisindeksen for bukostnader for sjølveigarar:

O.1. Bustadsutgiftene til eigarar av eigen bustad

O.1.1. Kjøp av bustader

O.1.1.1. Nye bustader

O.1.1.1.1. Kjøp av nye bustader

O.1.1.1.2. Sjølvbygde bustader og større rehabiliteringar

O.1.1.2. Eksisterande bustader som er nye innanfor hushaldssektoren

O.1.1.3. Andre tenester knytte til kjøp av bustader

O.1.2. Eigarskap til bustader

O.1.2.1. Større reparasjonar og vedlikehald

O.1.2.2. Forsikringar knytte til bustader

O.1.2.3. Andre tenester knytte til eigarskap til bustader

2. Følgjande utgiftskategoriar skal omfattast av prisindeksen for bustader:

H.1. Kjøp av bustader

H.1.1. Kjøp av nye bustader

H.1.2. Kjøp av eksisterande bustader

3. Prisindeksen for bukostnader for sjølveigarar skal byggje på prinsippet om nettoinnkjøp, som går ut på å måle endringar i dei faktiske prisane som forbrukarane betalar ved kjøp av bustader som er nye innanfor hushaldssektoren, og endringar i andre kostnader knytte til eigarskap, og overføring av eigarskap, til bustader.

4. Alle kategoriar av bustadutgifter slik det er definert i artikkel 3 nr. 1, med vekt på minst éin hundredel av dei samla bustadutgiftene i O.1, skal omfattast. Alle kategoriar av bustadutgifter slik det er definert i artikkel 3 nr. 2, med vekt på minst éin hundredel av dei samla bustadutgiftene i H.1, skal omfattast.

Artikkel 4

Metodehandbok

1. Kommisjonen (Eurostat) skal, i nært samarbeid med medlemsstatane, utarbeide ei handbok som inneheld grunnleggjande metodar for prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar og for bustader, utarbeidde i medhald av denne forordninga (heretter kalla «OOH-HPI-handboka»). Når det ligg føre tilbørlege grunnar til det, skal Kommisjonen (Eurostat) ajourføre handboka i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som er godkjende av ESS-utvalet.

2. Dei kvalitetskriteria som er nemnde i artikkel 12 nr. 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 223/2009⁽¹⁾, skal nyttast ved utarbeidinga av prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar og for bustader.

3. Medlemsstatane skal på oppmoding leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) dei opplysningane som er naudsynte for å vurdere om prisindeksane for bukostnader for sjølveigarar og for bustader, er i samsvar med føresegnene i denne forordninga.

Artikkel 5

Krav til data

1. Medlemsstatane skal, i samsvar med OOH-HPI-handboka, utarbeide og leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) prisindeksar for dei kategoriane som er fastsette i artikkel 3.

2. Medlemsstatane skal leggje fram kvartalsvise prisindeksar. I tillegg til kvartalsvise indeksar kan medlemsstatane òg leggje fram månadlege indeksar.

3. Indeksane som er nemnde i artikkel 3 nr. 1, skal utarbeidast frå tredje kvartal 2014 og gjelde for andre kvartal 2014. Indeksane som er nemnde i artikkel 3 nr. 2, skal utarbeidast frå tredje kvartal 2012 og gjelde for andre kvartal 2012.

4. Medlemsstatane skal sende dei kvartalsvise indeksane over til Kommisjonen (Eurostat) innan ein frist på høgst 85 dagar rekna frå utgangen av det kvartalet som indeksane gjeld

for. Dei medlemsstatane som vel å leggje fram månadlege indeksar, skal gjere dette innan 30 dagar rekna frå utgangen av den månaden som indeksane gjeld for.

5. Medlemsstatane skal kvart år utarbeide og sende over til Kommisjonen (Eurostat) eitt sett med utgiftsvektar i prisindeksar for bukostnader for sjølveigarar og eitt sett med utgiftsvektar i prisindeksar for bustader, slik det er definert i OOH-HPI-handboka og i samsvar med kommisjonsforordning (EU) nr. 1114/2010⁽²⁾.

Vektene for dei kvartalsvise indeksane skal leggjast fram seinast 15. juni året etter det året som vektene gjeld for.

Medlemsstatar som utarbeider månadsvise indeksar, skal leggje fram dei tilsvarande vektene seinast 20. februar året etter det året som vektene gjeld for.

6. Medlemsstatane skal, seinast innan dei fristane som er nemnde i artikkel 5 nr. 3 og 4, utarbeide og leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) utrekningar av data frå tidlegare periodar, frå og med indeksen for første kvartal 2010 for dei indeksane som er nemnde i artikkel 3 nr. 1. Medlemsstatane skal, seinast innan dei fristane som er nemnde i artikkel 5 nr. 3 og 4, utarbeide og leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) utrekningar av data frå tidlegare periodar, frå og med indeksen for første kvartal 2008 for dei indeksane som er nemnde i artikkel 3 nr. 2.

7. Medlemsstatane skal leggje fram dei data som krevst etter denne forordninga, og tilhøyrande metadata i samsvar med ein utvekslingsstandard som er fastlagd av Kommisjonen (Eurostat). Data og metadata skal sendast over til Kommisjonen (Eurostat) gjennom den sentrale dataportalen, eller på ein slik måte at Kommisjonen kan hente dei gjennom den sentrale dataportalen.

Artikkel 6

Overgangstiltak

1. Medlemsstatane skal, høvesvis eitt og tre år etter at denne forordninga tek til å gjelde, leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) rapportar om datakvaliteten, på grunnlag av dei standardane som er fastsette innanfor det europeiske statistikkssystemet og i OOH-HPI-handboka.

2. Kommisjonen (Eurostat) skal, innan fem år etter at denne forordninga tek til å gjelde, utarbeide ein rapport om dei indeksane som er fastsette i medhald av denne forordninga, og særleg om graden av samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96⁽³⁾ og forordning (EU) nr. 1114/2010. Rapporten skal òg innehalde ei vurdering av om indeksane for bukostnader for sjølveigarar er eigna for integrering i dekkingsområdet for HKPI.

⁽¹⁾ TEU L 87 av 31.3.2009, s. 164.

⁽²⁾ TEU L 316 av 2.12.2010, s. 4.

⁽³⁾ TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3.

*Artikkel 7***Iverksettjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. september 2012. Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i medlemsstatane i samsvar med traktatane.

Utfjerda i Brussel, 1. februar 2013.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President
